Vaksdal kommune

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
63/2021	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	01.06.2021
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Atle Fasteland	FA-U64	20/1235

MEDLEMSSKAP I VISIT BERGEN

Vedlegg:
Visit Bergen - Vaksdal kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune søkjer om medlemsskap i Visit Bergen snarast råd er og seinast frå 01.01.22.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 63/2021

FPØ - Behandling:
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:
Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Vaksdal kommune søkjer om medlemsskap i Visit Bergen snarast råd er og seinast frå 01.01.22.

Saksopplysningar:

Reiseliv og turisme er ei satsing i dei fleste kommunane i landet. Slik og i og rundt Bergen. Som det går fram av vedlagte presentasjon er alle kommunane i Region Nordhordland med i Visit Bergen, med unnatak av Vaksdal. Presentasjonen viser korleis verksemda er organisert, kva mål VisitBergen

har og kva kommunar som er medlemmer.

Dei siste par åra har det vore fokus på reiseliv og turisme i fleire samanhengar i Vaksdal kommune. Kommunen har mykje fint å syne fram, fleire attraktive bedrifter på området og det er nemnd at ein mellom anna har planar om å få ei stand ei båtrute mellom Stanghelle og Stamnes via fleire unike naturperler på den strekninga. Denne framtidige satsinga kombinert med dei reiselivsverksemdene som allereie er i kommunen må vi gjere kjende for målgruppa – turistar og folk som vitjar vår region.

Etter kommunedirektøren sitt syn vil eit medlemskap i VisitBergen gje kommunen store moglegheiter for å presentera seg saman med heile regionen rundt Bergen. Det kan vere vanskeleg for kommunen aleine å få til ein slik presentasjon og sidan heile bergensregionen deltek i VisitBergen vil det truleg vere vanskeleg å finne andre måtar å presentere oss på som når like langt og breitt som VisitBergen.

Eit medlemsskap kostar, i 2021, 18 pr. innbyggjar. For Vaksdal vil dette akkurat no utgjere 70.110 kroner for året.

Reint praktisk vil eit eventuelt medlemskap for Vaksdal i VisitBergen bli fakturert via samarbeidet vi allereie deltek i Region Norhordland.